ALVER
KOMMUNE

Vassbakk & Stol AS Avd Bergen
Morvikbotn 165
5122 MORVIK

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar:<br>Vår: 22/1285 - 22/30953 | Hogne Askeland<br>hogne.askeland@alver.kommune.no | 21.04.2022 |

# Søknadsplikt for etablering av avløpsløysing for brakkerigg - gbnr 498/17, 37, 40 Mellingen

Vi viser til vårt brev datert 07.03.2022 og dykkar svar datert 28.02.2022. Det vert opplyst at brakkerigg på gbnr. 498/17, 37, 40 Mellingen er kopla til 4m³ slamavskiljar og at svartvatn vert pumpa over til Skogen samfunnshus sin slamavskiljar.

Vi gjer merksam på at utslepp av sanitært avløpsvatn er søknadspliktig etter Forureiningsforskrifta. § 12-1 og etablering av avløpsanlegg er søknadspliktig etter Plan- og bygningslova § 20-1a , evnt. §20- 1j.

Alver kommune kan ikkje sjå å ha motteke søknad om utsleppsløyve etter Forureiningslova/Forureiningsforskrifta.
Vi kan  heller ikkje sjå å ha motteke søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter Plan- og bygningslova.

Vi ber om at søknad vert sendt kommunen snarast og seinast innan **12.05.2022.**

Skjema for søknad om utsleppsløyve er å finna på Alver kommune si heimeside.

Alver kommune - Søkje om privat avløpsanlegg og utsleppsløyve

Søknadsskjema for søknad etter Plan- og bygningslova kan ein finne på www.dibk.no

Søknad kan sendast til e-postadresse post@alver.kommune.no eller per post:
Alver Kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

Avtale med Skogen samfunnshus sin styreleiar og avtale med godkjent føretak for tømming av slamavskiljar må leggjast ved søknaden.

Ved eventuelle spørsmål kan de ta direkte kontakt med sakshandsamar på e-post hogne.askeland@alver.kommune.no eller på telefon 56349006.

Med helsing
Alver kommune Miljø og tilsyn

| | |
|---|---|
| Eirik Berntsen | Hogne Askeland |
| Avdelingsleiar | Konsulent |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Vassbakk & Stol AS Avd Bergen | Morvikbotn 165 | 5122 | MORVIK |